

Ei båtbyggjarslekt i Austfjorden

Johan Gudmundsen Hosøy (1864 – 1934) var son til båtbyggjar Gudmund Jonsen (f.Nævdal) Hølleland (1829-1877) som budde på Hølleland i Hindenesfjorden.

Gudmund var onkel til Jon Jonsen Kikall (1853-1924) og Jon lærte båtbygginga av Gudmund.

Johan Gudmundsen Hosøy rakk ikkje å læra båtbygginga av faren Gudmund sidan han døydde då Johan var 13 år. Men då Johan var 15 år gamal gjekk han i båtåla hjå syskenbarnet Jon Jonsen Kikall og såleis kunne Johan føra vidare den gamle geitabåtbygginga i Austfjorden. Han og Jon J. Kikall vart dei siste i denne slekta som bygde geitabåtar/råseglbåtar. Dei bygde til folk i Austfjordområdet, men det er òg registrert geitabåt i Osterfjorden som er bygd av Johan Hosøy.

Originalen som søknaden gjeld kopibygging av

Firkeping (åttring), råseglbåt, som vart bygd ca. 1890 av Jon Jonson Kikall (1853-1924) Eigar: Lindås sogelag



